



Saksmappe: 2024/500
Sakshandsamar: SSH
Dato: 25.11.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
103/25	Formannskap	02.12.2025

Naudsynte utgreiingar og bistand til arbeidet med ny arealdel av kommuneplan

Kommunedirektørens si tilråding

Formannskapet løyver kr. 500.000 til villreinfaglege og andre eksterne utgreiingar til arbeidet med ny arealdel av kommuneplanen. Inndekking frå disposisjonsfond.

Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå avtale om villreinutgreiing som omtalt.

Formannskap si handsaming av sak 103/2025 i møte den 02.12.2025:

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

Vedtak

Formannskapet løyver kr. 500.000 til villreinfaglege og andre eksterne utgreiingar til arbeidet med ny arealdel av kommuneplanen. Inndekking frå disposisjonsfond.

Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå avtale om villreinutgreiing som omtalt.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Bakgrunn for saka

I kommunestyret si godkjenning av planprogrammet for ny arealdel. Sak 11/25, av 30.jan 2025 vart det i saksutgreiinga opplyst at arbeidet med arealdelen i kommuneplan vil krevje mykje ressursar.

«....Det er mange utgreiingar som må gjennomførast og mange eksterne vurderingar i konsekvensutgreiinga. Omfanget av tenestekjøp vil bli konkretisert etter kvart som ein ser omfanget av innspel til endra arealbruk. Kommunedirektøren kjem tilbake med eiga sak dersom ein finn at planavdelinga si driftsramme ikkje er tilstrekkeleg for naudsynte utgreiingar med spesialistkompetanse.»

Denne saka omhandlar omfang av naudsynte tilleggsutgreiingar og spesialistkompetanse som ein p.t har oversikt over og ser trong for.

Formelt grunnlag

Formannskapet har fullmakt til løyvingar inntil kr. 500.000

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Arbeidet i etterkant av grov-siling av innkomne innspel er gjennomført med feltarbeid med sesongtilsette studentar, innanfor driftsramma for planavdelinga. Dei har gjennomført ei feltarbeid og konsekvensvurderingar knytt til alle byggeområde i gjeldande kommuneplan og dei nye områda som vart med etter grovsilinga. Samla lønskostnad ligg kring 300.000 og er inndeckt som vikariat i vakansar og driftsramma til avdelinga.

Kommunestyret si føring for inkludering av to aktuelle område for fritidsbustadar i sørenden av Hartevatn utløyste trong for skredvurdering. Dette er tinga og utført av til kr 54.000.

Kommunestyret sin førespurnad om samla kartlegging av skred, ras og flaumfare for heile kommunen er lagt fram som eigen sak til kommunestyret.

Kommunestyret si tinging av temadag om myr med tenestekjøp frå Norsk institutt for Naturforskning (NINA) hadde ein kostnad på kr. 50.000. som førebels er belasta driftsramma til planavdelinga.

Kartlegging / prioritering av dyrkingspotensial med tanke på fastsetting av omsynssoner i ny arealdel er søkt ivareteke gjennom tenestekjøp frå Norsk landbruksrådgivning har ein estimert kostnad kr 85.000, blir dekt innafor driftsramma til planavdelinga.

Plansjefen har sett trong for naturtypekartlegging av området frå riksveg 9 inn til Botsvatn med tanke på ev utviding av næringsområde for kraftkrevjande verksemdar.

Arbeidet vart set i gong medan det var vekstsesong for å ikkje hindre framdrifta i planarbeidet. Naturtypekartlegginga med tenestekjøp frå Tyri-naturforvaltning har ein kostnad på kr. 75.000. Kostnadane er belasta planavdelinga si driftsramme.

Kommunedirektøren vurderer at nye statleg føringar av villreinomsyn tilseier at ein må ha ei villreinfagleg vurdering av aktuelle byggeområde og sti- og løype som grunnlag for tilrådingar og forslag til ny arealdel . Pårekneleg kostnad for slike utgreiingar er føreslege avgrensa til kr. 500.000, som ramme for slikt oppdrag.

Kommunestyret har tidlegare avsett kr.200.000 til naudsynte eksterne utgreiingar i samband med sti- og løypeplan. Ein ser dette i lag med kommuneplanen sine behov – ref. trong for villreinfagleg utgreiing.

Kommunedirektøren legg og til grunn at ein har hatt trong for ekstern kompetanse og kapasitet i prosessgjennomføring og at dette blir løyst gjennom tenestekjøp / konsulenttenester (utover vanleg bistand til arbeid med reguleringsplanar). Det kan medføre overforbruk innan utgangen av rekneskapsåret for avdelinga, samstundes som det er ein del langtidsfråver som påverkar og gjer til at ein og kan kome innanfor samla ramme.

Tilhøve til kommuneplanen

--

Konsekvensar for folkehelse

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Saksprotokoll Fastsetting av planprogram
- 2 Villreinutredning_Bykle

Melding om vedtak blir sendt til: